

# Årsmelding for året 2011



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

- Leiar: Edle Holmin
- Nestleiar: Kjersti Stålem
- Kasserar: Liv Jorunn Nyhagen
- Sekretær: Marte Alvestad
- Baneansvarleg: Per Ove Mundal
- 1. vara: Ida Kristine Standal
- 2. vara: Andreas Eikrem

Styret har i alt hatt 7 styremøter i 2011.

I tillegg har vi hatt ei aktivitetsgruppe som har bestått av:

- \* Synnøve Nedrelid
- \* Silje Klepp
- \* Liv Jorunn Nyhagen
- \* Karin Vatnehol
- \* Ida Standal

Vi har hatt totalt 32 medlemmer i løpet av året, og 15 av dei har betalt baneleige.

## Offisiell opning av ridebana

5. juni hadde vi offisiell opning av Vollane ridebane. Då hadde vi mykje kjekt program som blant anna dressurkvadrilje, gymkhana, voltige og det populære innslaget miniski bak hest. Det dukka opp godt rundt 100 personar på dette arrangementet. I strålende sol klipte ordføraren snora og fekk køyre Pokemann ei runde på bana. I pausen fekk også barna ri rundt på ridebana.

## Dugnader

Vi har arrangert nokre dugnadar i år med vedlikehald av ridebana. Dessverre herja orkanen "Dagmar" ein del i jula på bana vår. Omtrent heile gjerdet på eine kortsida ligg nede i tillegg til at dommarbuda fekk seg ein flygetur og vart snudd opp ned. Heldigvis gjekk det bra med buda trass alt. Lyktestolpane har også vorte skeive, men lyset virkar, så vi får ordne på dette til våren.

## Kurs og anna

Vi har hatt nokre treningar med Ina Gjerland, Silvia van Hesik Førde og Matilde Brogge. Vi starta også opp tiltaket med rideturar for barn og unge ein gong i månaden. Då kan ein velje mellom ein halvtimes eller ein times tur. Dette er eit tiltak som har vorte populært og vi har påmeldte barn til kvar tur. Vi har også byrja å invitere vaksne med på slike turar.

Vi har delteke på den faste sommars avslutninga til Scana Volda med to hestar til barneriding. Under Voldadagen stilte vi med fire hestar og køa med ungar var lang. Vi har også delteke med to hestar i eit bursdagsselskap der borna fekk ri.

### **Stemner og resultat**

Vi har arrangert totalt 4 stemner i 2011, av dei 2 dressur- og 2 køyrestemner. Vi har aldri før kunne arrangert køyrestemner i Volda. Men med stor ridebane på plass og tilgang på løyper mot Vassbotnen fekk vi avvikla to slike stemner. I maraton konkurransen fekk vi i tillegg laga eit populært hinder i Rotevatnet.

Liv Jorunn Nyhagen med Pokemann, Anna Sve med Faun Prins og Isabell Øye med Brautar har også vore på Fjordhest NM i år og enda opp med sølv i lagkonkurransen. I tillegg vann Isabell NM senior som for i år deltok for Volda rideklubb (opprinneleg frå ØRKK). Liv Jorunn vart greinmeister og Nordisk meister i dressur, i tillegg til sølv i Nordisk allround og sølv i "Gule tur". Anna deltok også på baltisk køyring på Starum som ungdusk og kom på 6. plass.

### **17. mai**

Vi stilte opp også i år med Svarta og Pokemann i folketog. Men i år fekk vi for første gong gå heilt fremst i toget. Dette håper vi at vi får fortsette med sidan det er ein del tryggare, og vi viser mykje betre igjen. Vi fekk også tilbod om å gå fremst i barnetog, men det vart litt travelt å gå i to tog på ein dag.

### **Maratonhinder**

Vi er så heldige å få bygge opp eit maratonhinder i Vassbotnen av grunneigar Magnus Vassbotn. Hinderet kan stå der permanent for trening. Vi tenker då å setje ned nokre pålar og variere utsjånaden på hindera med dekk og liknande.

### **Nettsida**

Vi har fått oss ei ny nettside i år og over i eit moderne system som gjer at heile styret kan oppdatere og legge inn nyheiter. Den er også kobla opp mot facebook sida vår så dei nyheitene som vi postar på nettsida kjem automatisk på facebook. Der ligg også private sider berre for medlemmane som vi håper vil utvikle seg og at medlemmane vil bruke flittig.

### **Planar framover**

I år har fått på plass ein søknad for den nye vegen ned til ridebana. Den ligg enno hos kommunen, men vil truleg gå fint igjennom. Då får vi byggeløyve og 3 år på oss til å få på plass vegen. Dette vil Hjellev maskin hjelpe oss med, og når dei kan gjere det over 3 år vil vi spare ein del pengar på det. Vi skal søke Sparebank 1 om støtte til vegen via prosjektmidlar.

Vi ligg no på ein 2. plass i forhold til å motta spelemidlar, så vi håper at vi skal få tildelt dette i år 2012. Vi har også fått garanti med kommunen om å folenge lånet vårt frå 10 til 20 år slik at det ikkje blir så mykje utlegg per måned framover.

*Skrive av leiar Edle Holmin*